

KORT OPPSUMMERING - INFORMASJONSMØTE – OM EIGARSKAPSMODELLAR 15. FEBRUAR 2018

Torsdag 15. februar held «Utval for eigarskapsmodellar» informasjonsmøte med inviterte representantar frå ulike kommunale selskap (AS, IKS, KF), stifting, m. fleire – samt representantar frå fagforeningar (sjå liste). Møte vart halde i Nye Øygarden Kommune sine møtelokalet på Skjenet, Straume – KL.09.00- 10.00.

Leiar i utvalet, Atle Dåvøy, la fram ein presentasjon der han gjekk gjennom prosessen i utvalet og om vegen vidare. Det vert synt til denne som følgjer referatet.

Utval for eigarskapsmodellar er eit politisk utval, utnemnt av politikarar - med politikarar. Utvalet skal koma med forslag og har ikkje mandat til å vedta. Tilsette i alle involverte selskap og føretak skal verta ivaretekne i den vidare prosessen i hht reglane i arbeidslivet.

Utgangspunktet for informasjonsmøtet var ei tinging frå Fellesnemnda i møte 22. januar der nemnda ba om følgjande:

«Utval for eigarskap må gå i dialog med dagleg leiar/tilsette i selskapa i kommunane med tanke på tidleg informasjon om utvalet sitt arbeid»

Fellesnemnda vedtok også slikt oppdrag til utvalet i møtet 22. januar:

«Fellesnemnda ber utvalet sjå nærare på oppløysing av stiftingar sett i lys av kommunesamanslåinga. Utval for eigarskap må opprette dialog med Fjell bustadstifting med sikte på oppløysing av stiftinga».

Opphavelig mandat frå fellesnemnda gitt hausten 2017 framheva følgjande:

- **slank, effektiv, funksjonell** eigarskap og selskapsstruktur som mogeleg.
- **sameina, framtidsretta og tenlege** organisasjonsmodellar for eigarskap og interesserepresentasjon.
- gje **gode** og **effektive** selskap og driftsorganisasjonar

Ein skal samstundes utarbeida framlegg til eigarskapsmodellar som skal vera:

- økonomisk berekraftige
- føreseielege
- gje tenestetilbod av høg kvalitet

Fellesnemnda bedt utvalet arbeida for ein eigarstruktur der ein har:

- færrast mogleg einingar
- best moglegheit for demokratisk styring.

I den vedtekne intensjonsavtalen mellom dei tre kommunane heiter det i kap. 9 om næringsutvikling: «*Den nye kommunen skal vera ein framtidsretta, nyskapande og heilskapleg næringskommune med høg kompetanse*».

Utvalet skal levera sin rapport slik at Fellesnemnda kan handsama forslaget i planlagt møte 16. april. Det vert lagt opp til at alle som er invitert til møtet (15. februar) kan koma med skriftlege innspel til utvalet innan 1. mars.

Utvallsleiar Atle Dåvøy oppmoda («tipsa») at representantane baserer innspel på desse nøkkelorda /forventningane frå mandatteksten:

- slank
- effektiv
- funksjonell
- sameina
- framtidsretta
- tenlege
- økonomisk berekraftige
- føreseielege
- tenestetilbod av høg kvalitet
- færrast mogleg einingar
- best moglegheit for demokratisk styring

Avslutningsvis presiserte utvallsleiar Atle Dåvøy at utvalet i tillegg til dei innspel og kommentarar ein no vil få, også vil sjå til andre kommunar som kan visa til gode resultat knytt til organisering av eigarskapsmodellane. Utvalet går no inn i slutfasen av sitt arbeid.

Fristen for skriftleg innlevering er sett til 1. mars 2018. Desse kan sendast til:
jarle.oen@nyeoygardenkommune.no eller unni.rygg@nyeoygardenkommune.no

Det vart presisert frå leiar i Fellesnemnda, Kari-Anne Landro (som også er medlem i eigarskapsutvalet), at det vert opna for vidare involvering etter at saka vert lagt fram for Fellesnemnda.

Fleire av representantane kom med kommentarar knytt til vidare involvering og spørsmål om prosessen både fram til no og vidare. Den føreståande dialogen med skriftlege innspel vil kunna ivareta desse omsyna og forventningane frå involverte selskap og deira fagtillitsvalde.

Jarle Kåre Oen
prosjektmedarbeidar/referent
Nye Øygarden kommune